

EKSTRA

## HVA MÅ GJØRES



AVISA TIL NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND EKSTRANUMMER 1974

Dei Pedagogiske Høgskulane kjem til å ramma dei fleste av oss under høgre utdanning. I første omgang er det eit direkte åtak på lærarutdanningsinstitusjonar. Mest moeleg av lærarutdanninga skal integrerast etter retningslinjer for dei Pedagogiske Høgskulane. Dei gjev også retningslinene for det nye høgskulesystemet — gjennomrasjonalisert og statsdiktet. Namnet det nye barnet til monopolkapitalen skal få, er Distriktshøgskulesystem, dvs. noko heilt anna og verre enn det Distriktshøgskulane står for i dag. Pedagogiske Høgskular blir viktigaste steinen i dette systemet.

Kampen om Pedagogiske Høgskular er igang, lova er vedteken, oppgåva vår er no er å hindra gjennomføringa frå 1/1 -75.

Kva står så Pedagogiske Høgskular for? Kven sine interesser tener dei?

## FORSVAR



## LÆRARUTDANNINGA!

## PEDAGOGISKE HØGSKOLAR BETYR:

■ Strukturrasjonalisering av høgre utdanning.

Integreringa av mange skoletypar i eit system, under same tak, opnar store muligheter for rasjonalisering av utdanninga. Fellesundervisning med store førelesingar for mange typar utdanning er både billeg og i takt med "krav i tida": fleksibel arbeidskraft må ha tilsvarande fleksibel utdanning. Allmennlærer, lektor, førskolelærer under same undervisningstak er løysinga. Kva ein treng for å vera lærar, førskolelærer er "uinteressant" -- det strir jo med raskt skiftande behov på arbeidsmarknaden. Og ikkje minst, med store førelesingar og audio-visuelle hjelpemiddel kan ein "erstatta" mange dyre lærarar. Nye millionnedskjæringar blir moeleg.

■ Halvårseiningar og vektal.

No skal ein nett få den utdanninga ein vil ha, eit halvårskurs her og eit 14-dagarskurs der. "lektorar" skal bli produkt av ein mengd små fageiningar, tal og type blir bestemt av styret og lånekassa. Vektal er lett å telja, Lånekassa og andre vil nok vita å gripa inn om skjema ikkje blir følgt.

Men kva slags lærar blir du? Halvårskurs i norsk er ikkje noko grunnlag å undervisa i norsk i ungdomsskole og gymnas med. Jau, kanskje der som ein avfinn seg med at norsk skal vera redskapsfag slik den nye gymnas-

lova vil "...man skal lære å lese og skrive og tilegne seg språket.." Morsmålet og kulturen vår betyr tydelegvis lite for dei som står bak skole"reformene". Tener slikt elevane og lærarane?

Avvis tidsstudiane og svekkinga av yrkesutdanninga.

■ Hardare arbeidspress.

Oppstykinga i kurs, vektal og gjerne obligatorisk undervisning (stemple-uret ligg på lur) betyr hardare arbeidspress i studietida med stramme studieskjema og lånekasserammer.

Det betyr og at læraren får eit fagleg nivå som tvingar han til å liggja ei side framfor elevane i læreboka, ute av stand til å vurdere stoffet kritisk. Fritida blir ein nøydd for å bruka på tilleggsutdanning - og det små overflatiske kurs.

■ Rasering av Universitetet.

Universitetsgradene skal knekkast. Lektor og adjunkt av idag skal bytast ut med noko heilt anna. - 6 og 4 år med fleksibelt innhald synest staten er bra.

Universitetsgrunnfag og -mellomfag bør også bli noko anna - 1 og 1½ år er for lang tid, - tid er kostbart. Folk blir haldne altfor lenge utafør produksjonen seier statens departementsrøyst: det kostar milliardsummer kvart år. Oljeinvesteringar lokkar nok meir, sjå berre på stats-

budsjettet. Ifjor var det berre oljelinene på NTH og distriktshøgskolane som fekk meir enn dei ba om - alle andre fekk mykje mindre - pluss sparekniv i januar.

Å skilja lærerutdanninga frå forskarmiljø er eit anna mål. Blir Pedagogiske høgskolar gjennomført betyr det rasering av alle dei gode sidene ved Universitetet.

Nei til alle forsøk på å forringa lærerutdanninga.

■ Statsdiktat.

Departementsoppnemnde styrer og råd med fleirtal frå næringsliv og stat og gjerne med utpeikte, ikkje valde, student"representantar" skal i framtida forvalte demokratiet.

Rett til å velja eigne representantar, rett for utdanningsinstitusjonen til å disponera eige budsjett og bestemme fagopplegg - slike sjølvsgde demokratiske rettar er ikkje lenger sjølvsgde. Gjennom rammelover som departementet sjølv gjev innhald, sikrar staten seg absolutt kontroll over utdanninga.

KONKLUSJON:

Dette er ei klasselov som ikkje på nokon måte tener arbeidarklassen og folket. Blir Pedagogiske høgskolar gjennomført betyr det ei forverring av situasjonen for lærarar, andre tilsette, studentar, elevar og foreldre! ■■■

# HVEM TJENER PH - SYSTEMET?

## Litt historie:

Distriktshøgskolene - et forhatt ord for studentene i slutten av 60-åra. Kongstanken til Aker, Borregaard, DNC og Kredittkassen for en høyere utdanning etter deres smak. Forsøkt kjempa gjennom av Ottosen og andre sosialdemokrater. Men den gang ei! For mange studenter, lærere og andre protesterte og var villige til å sette hardt mot hardt. Massediskusjoner, aksjonsdager, streiker ble brukt - med hell. Kongstanken ble for en stund skrinlagt, den måtte i alle fall skifte ham.

## Hvem tjener?

Distriktshøgskolesystemet er en kongstank fordi det betyr økt profitt for monopolene. På to måter:

- Monopolene investerer der profitten er høyest. Stikkordene er storindustri rasjonalisert produksjon og fleksibilitet i forhold til markedsendringer. Arbeidskrafta i sånn produksjon må tilsvarende være på et høyere almenteoritisk nivå enn før slik at den kan omskoleres raskt og beherske kompliserte maskiner, produksjonsmetoder osv. Rasering av landsbygda, av mindre bedrifter, hardere produksjonstempo betyr økte sosiale og fysiske problemer. Noen må administrere elendighet med trvgder osv. Flere og flere må også undervise i skolen når masseutdanning på artiums nivå er monopolenes krav. Distriktshøgskolesystemet er sydd etter denne lesten. Her skal tekniske studenter, helse- og sosialstudenter, lærerstudenter og andre få den dosen de trenger for å fylle sin plass i monopolenes puslespill som heter "øk profitten!".

## Hvem betaler?

- Hvem betaler masseutdanninga? Det

er et spørsmål om kamp. Før monopolene og staten sin vilje, skal vi bære byrdene. "Selvfinansiering" er et stikkord i dyrtidsutviklinga. Mer effektiv utnyttning av lærerkraftene og senking av utdanningstida er to andre. Distriktshøgskolesystemet betyr muligheter for langt hardere faglig press, fellesforelesninger for lærer-, tekniker- og helsestudenter, færre lærere pr. student osv. Om vi setter hardt mot hardt, blir mange nok, kan staten tvinges til å betale meromkostningene ved masseutdanning sjøl. Det monopolene "sparer" ved å velte børa på oss, kommer ingen andre enn monopolene sjøl til gode. Det trengs penger - milliarder i høyprofittabel oljevirksomhet. Staten og monopolkapitalen er nemlig i en "finanskrise". Derfor er det f.eks. i dag omtrent umulig for vanlige folk å få lånt penger til leilighet eller hus. Og hver smule som ranes fra oss, blir brukt for å tømme Nordsjøen raskt, uansett konsekvensene for befolkninga i Norge. Helse- og sosialbudsjettet, undervisningsbudsjetter, utlånsrammer til vanlige folk støvsuges for tida.

## Hva betyr Pedagogiske Høgskoler?

Pedagogiske Høgskoler betyr all lærerutdanning under felles administrasjon, med tid og stunder under samme tak i hvert fylke, helt nye kompetanseregler for tilsetting i skolen, rasjonaliserte fagopplegg med dårligere yrkesretting - dette er kjelleren til distriktshøgskolesystemet. I en sveip skal mellom halvparten og tredjeparten av studentmassen utafør universitetet og store deler av universitetsstudentene rett inn i et opplegg som åpent sies å være en del av distriktshøgskolesystemet. Ikke uten grunn angripes universitetene

hardt. Styringsorganer og fagopplegg har liberale trekk som i dag er til beste for folket. Parolen til staten er: Lag et PH-opplegg eller nedlegg lærerutdanninga på universitetene. Også lærerskolene mister en relativ sjølstendighet, fagtilbudet blir drastisk dårligere, yrkesrettinga svekkes og dermed senkes det faglige nivået. PH er kjelleren til distriktshøgskolesystemet. Alle studenter er trua av distriktshøgskolene. Det er et langt skritt nærmere en realitet for oss alle om PH blir gjennomført!

## Et spørsmål om makt.

Astrup, Rein Henriksen i Hydro, bank-sjef Melander i DNC, Gjerde i KUD, de veit hva de vil og hva de gjør. Utdanninga, helse- og sosialsektoren, bygde-Norge, jordbruket, produksjon av f.eks. skotøy og tekstil skal formes etter deres hode, omlegges eller

nedlegges etter profittens krav. På lang sikt kan bare sosialismen og proletariatets diktatur sikre ei utvikling i folkets interesser ved å legge makta hos folket.

## Styrken vår at vi er mange!

På kort sikt er vår styrke at vi er mange som rammes, at mange har gått gjennomskua deler av monopolenes spill at vi har lært å stå sammen. Denne styrken mobiliserte vi i kampen mot Ottosens planer, i Lånekasseaksjonen, i lærerskolestudentenes kamp i vår. Vi fikk makt til å avvise EF-medlemskap på samme måte. Kommunistar, sosialistar, populistar - alle som er mot denne utviklinga! Stå sammen og tving Statens planer på retrett!

REIS OG STØTT KAMPEN MOT PH!  
BEKJEMP DH-FORBEREDFENDE TILTAK!



## NKS SITT FORSLAG:

Etter diskusjonar på sommarleirane og i Politisk Utval i Sentralstyret, vil Norges Kommunistiske Studentforbund leggja fram følgjande forslag til frontgrunnlag for kampen mot Pedagogiske Høgskular. Vi trur dette grunnlaget kan samla brei støtte frå studentar, lærarar og andre tilsette, elvar og foreldre i den kampen vi saman må føra i tida framover.

FORSVAR LÆRARUTDANNINGA MOT PEDAGOGISKE HØGSKULAR!

NEI til innføring av lærarutdanningslova 1. januar 1975!

1. Avvis strukturrasjonaliseringa av høgere utdanning.

- Nei til integrering av lærarutdanninga i Pedagogiske Høgskular.

- Pedagogisk Høgskule - eit viktig

- Pedagogisk Høgskule - eit viktig steg på vegen mot det nye gjennomrasjonaliserte Distriktshøgskulesystemet.

- Stans millionnedskjeringane!

2. Forsvar yrkesutdanninga - vi krev:

- minst 5 års adjunktutdanning

- minst 7 års lektorutdanning

- minst 1 års utdanning i eit fag for å undervisa i ungdomsskolen

- minst 1½ års utdanning i eit fag for å undervisa på gymnasnivå

- Lektorutdanninga må ha minst 2 års hovudfag

- NEI til halvårskurs

- NEI til vektal

- Nei til forringing av lærarutdanninga.

3. Forsvar våre demokratiske rettar

- Nei til departementale styre og råd-

nei til statsdiktat

- Nei til innføring av dei u demokratiske styra våren 1975

- Lærarutdanningslova - eit åtak på dei demokratiske rettane til utdanningssøkjande

- Forsyar det sjølvstendet utdanningsinstitusjonane har

- Trekk utkastet til reglement for Pedagogiske Høgskular tilbake!

4. Einskap studentar, lærarar, andre tilsette, elevar og foreldre i kampen for å forsvare lærarutdanninga

- Nei til folkefiendleg kultur- og utdanningspolitikk

5. Berre massemobilisering kan gje oss siger

Avvis "forhandlingar" som skal erstatta massemobiliseringa.

Dette er eit forslag til frontgrunnlag. Det som trengs no er massediskusjonar på denne politikken. Berre gjennom breie diskusjonar og kampar framover kan vi utvikla ein rett politikk. Ta

initiativ til massekonferansar om åtaka på lærarutdanninga! Diskuter, kritiser og forbedre grunnlaget!